



Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Postboks 13

5902 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2692 - 17/19745

Saksbehandlar:

Nora Gjerde

nora.gjerde@lindas.kommune.no

Dato:

29.06.2017

## Ny reiselivssatsing i Nordhordland – godkjenning av samarbeidsavtale

Vedlagt følger vedtak frå møte i Kommunestyret – 21. juni 2017.

Med helsing

Nora Gjerde

administrasjonssekretær

*Dokumentet er signert elektronisk.*

Andre mottakarar:

Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Hogne Haugsdal, Jorunn Nøttveit Moen, Øystein Sørhaug

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914  
Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
068/17	Kommunestyret	PS	21.06.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	16/2692

## Ny reiselivssatsing i Nordhordland – godkjenning av samarbeidsavtale

### Vedlegg :

Samarbeidsavtale mellom Region Nordhordland og Bergen Reiselivslag - rev 24. mai 2017

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- Lindås kommune godkjenner samarbeidsavtalen mellom Bergen Reiselivslag og kommunane i Nordhordland.
- Årleg tilskot på kr 239.403 blir henta frå næringsfondet

### Kommunestyret - 068/17

#### KO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### KO - vedtak:

- Lindås kommune godkjenner samarbeidsavtalen mellom Bergen Reiselivslag og kommunane i Nordhordland.
- Årleg tilskot på kr 239.403 blir henta frå næringsfondet

#### Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Link til sak 65/16 – Ny reiselivssatsing i Nordhordland:

[http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=journalpost\\_detaljer&journalpostid=2016022638&](http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2016022638&)

### **Bakgrunn for saka:**

I sak 65/16 vedtok kommunestyret følgjande knytt til ny reiselivssatsing i Nordhordland:

- Lindås kommune støttar forretningsplanen for å styrke reiselivssatsinga i Nordhordland, og at den skal vere grunnlaget for ein samarbeidsavtale mellom Region Bergen Reiseliv og kommunane i Nordhordland, representert ved Nordhordland Utviklingsselskap IKS.
- Endeleg samarbeidsavtale skal til godkjenning i kommunestyret.
- Under føresetnad av at endeleg samarbeidsavtale blir godkjent gir Lindås kommune eit årleg tilskot til Region Bergen Reiseliv i tråd med forslag til forretningsplan og saksgrunnlaget, totalt kr 239.403 per år. Midlane blir henta frå næringsfondet.
- Det må vera ei årleg evaluering av prosjektet fram til 2019.

Vedtaket i sak 65/16 er basert på ein forretningsmodell for ei ny reiselivssatsing for kommunane i Nordhordland, i samarbeid med Bergen og kommunane Sund, Fjell og Øygarden. Forretningsmodellen dannar grunnlaget for ein endelig samarbeidsavtale mellom alle desse kommunane. Bakgrunnen for denne saka gjeld oppfølging av punkt 2 i vedtaket frå sak 65/16, endelig godkjenning av samarbeidsavtalen.

### **Bakgrunn og mål for samarbeid og samarbeidsavtalen**

Det har i fleire år vore arbeid nasjonalt og regionalt med å effektivisera og betra reiselivsnæringa ved å utvikla reisemålsorganiseringa. Bergen Reiselivslag har i samarbeid med Nordhordland Utviklingsselskap IKS og Nordhordland Næringslag utarbeidd framlegg til ein Forretningsmodell for ein ny regional reisemålsorganisasjon med arbeidsnamn "Nye Bergen Reiselivslag". Utgangspunktet har vore at med ein slik organisering kan vi styrke reiselivet i Nordhordland og totalt i heile regionen. Samarbeidet inkluderer også kommunane Sund, Fjell og Øygarden. Målet med ein større organisatorisk region, er å oppnå en sterkare posisjon nasjonalt og internasjonalt. Målet er vidare å gjennomføra tiltak som kan gje større effekt av det vi alt gjer, samt gje regionen auka ressursar i form av økonomi, kapasitet og kompetanse som gjer oss betre i stand til å konkurrera på like vilkår med andre regionar.

### **Grunnlaget for og innhald i samarbeidsavtalen:**

- Samarbeidet i " Nye Bergen Reiselivslag" skal styrkje reiselivsnæringa i regionen ved at ressursane i den nye organisasjonen går med til å styrkja reiselivsnæringa i *heile regionen eller i Region Bergen*.
- Bergen Reiselivslag må vidareføre og styrke samarbeidet med lokale reiselivsaktørar og Nordhordland Utviklingsselskap og sikre tydelig nærvær lokalt.
- Kommunane i Region Nordhordland; Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, og Radøy bidreg med økonomisk tilskot.
- Lindås kommune bidrar med årleg tilskot på kr 239.403
- Formelt er det kvar einskild kommune som vert medlem i Bergen Reiselivslag. For å sikre ein felles strategi frå kommunane vert Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) nytta som eit formelt bindeledd i saker som gjeld alle kommunane med Bergen Reiselivslag.
- Bergen Reiselivslag har i dag 11 årsverk som arbeider med marknadsføring, sal og profilering. Desse ressursane vil arbeida for alle kommunane i heile Region Bergen som reiselivsdestinasjon, nasjonalt og internasjonalt.
- Bergen Reiselivslag har også 12 årsverk som arbeider med vertskapsoppgåver og

formidling i Turistinformasjonen eller Vertskapscenteret på Fisketorget i Bergen. Disse ressursane vil arbeida for heile Region Bergen samt å bidra til å koordinera den regionale vertskapsfunksjonen

- 0.5 årsverk som arbeider med felles prosjekt innan marknadsføring, sal og profilering av reisemål internt i Region Bergen for målgrupper i Region Bergen med spesielt fokus på Bergen. Denne ressursen er kalla "*Innanriksminister*".
- 1 årsverk som arbeider med produktutvikling med fokus på fellesprosjekt, fasilitering, konseptutvikling, initiativtakar og tilrettelegging for utvikling av betre og nye reiselivsprodukt i heile regionen. Denne ressursen er kalla "*Kystminister*", og vil typisk vera tett på aktørar både lokalt og i regionane i Region Bergen, og ha kontordagar etter nærare avtale i lokale som vert stilt til disposisjon lokalt.
- Den regionale *Vertskapsfunksjonen* vert støtta av Nye Bergen Reiselivslag, dels med personell på deltid, dels ved at infrastrukturen i vertskapsfunksjonen vert knytt opp til Turistinformasjonen på Fisketorget i Bergen, og dels økonomisk.
- Bergen Reiselivslag rapportar årleg til Nordhordland Utviklingsselskap IKS og kommunane.
- Avtalen gjeld frå 1 januar 2017 til 31.12.2019. Avtalen kan ikkje seiast opp i dette tidsrommet utan at vesentlege føresetnader i denne avtalen vert brotne.
- Frå 01.01.2020 gjeld avtalen for eitt år om gongen.
- Ved samanslåing av dei tre kommunane Lindås, Meland og Radøy til ein kommune frå 01.01.2020, vil den nye kommunen fortsette som eit medlem i Bergen Reiselivslag med mindre avtalen vert oppsagt.

### **Vurdering:**

I forretningsplanen som ligg til grunn for samarbeidsavtalen er det lagt fram tydelige mål og strategiar for eit større regionalt samarbeid om reiselivssatsinga:

### **Målet med ein større region er**

- å gjere oss alle moden for vekst. Både nasjonalt, regionalt og internasjonalt
- å oppnå ein sterkare posisjon i høve til alle regioner
- å oppnå synergjar mellom våre 3 regioner (Nordhordland, Bergen og Vest)
- å styrke lønsemd, auke tal arbeidsplassar og bidra til større volum av tilreisande i kjøpsterke segment.

### **Strategiar:**

1. Marknadsføring og branding. Region Bergen skal gjerast synleg
2. Styrke kultur- og opplevingsregionen med fokus på kongressar, møter og arrangement
3. Produktutvikling og innovasjon
4. Velkomst og service – styrke vertsskapsfunksjonen.

Reise- og opplevingsnæringa er ein viktig faktor for å skape ein synleg og attraktiv region. Reiselivsbedriftene, produkta deira og ulike aktivitetar må vere attraktive og dei må marknadsførast målretta inn mot dei rette målgruppene. Nordhordland har ikkje hatt eit marknadsføringsselskap for reiselivet etter at Nordhordland Reiselivslag blei lagt ned. Det er derfor viktig at ein har fått på plass eit initiativ som kan sikre Nordhordland betre marknadsføring og branding, både nasjonalt og internasjonalt. Det at dette initiativet har sitt utgangspunkt i Bergen Reiselivslag vil vere avgjerande for å lykkast, ettersom Reiselivslaget har lang erfaring med marknadsføring og profilering av Bergensregionen.

Utgangspunktet for samarbeidet og samarbeidsavtalen er å marknadsføre kvalitetane i heile Region Bergen med alle kommunane som er med, i tillegg til å satse på produktutvikling og styrke vertsskapsfunksjonen. Totalt sett bidrar kommunane i Nordhordland og kommunane i

Vest med kr 1.450.000 per år og det blir etablert stillingar som har konkrete oppgåver i eit slikt samarbeid. Med eit totalbudsjett på over 94 mill i Bergen Reiselivsslag, blir det i realiteten ikkje tilført store ressursar inn i organisasjonen. Det blir derfor viktig å spisse strategiane og tiltaka som kan gje best mulig effekt av slike ressursar. Samtidig er det viktig å understreke at Nordhordland vil nyte godt av all kompetanse og ressursar som Bergen Reiselivslag har i sin organisasjon, og at all marknadsføring og profilering vil kome regionen og kommunane til gode.

Det er i stor grad offentlege aktørar som finansierer aktivitetane i Bergen Reiselivslag. Slik rådmannen ser det, vil det vere ein fordel om den private andelen i eit slikt samarbeid blir større. Spesielt blant aktørane i Nordhordland. Det at bedriftene sjølv bidrar meir til marknadsføring og utvikling er viktig. Rådmannen meiner også at det er noko utydeleg på kva som ligg til den regionale vertskapsfunksjonen og kva det konkret går ut på. Dette bør bli meir tydeleggjort i det vidare arbeidet.

Det er viktig at Lindås og Nordhordland blir marknadsført for å bli meir synleg og attraktiv, og samarbeidet med Bergen Reiselivslag er eit viktig og godt initiativ for å følgje opp mål og strategiar i forretningsplanen. Rådmannen rår til at kommunestyret godkjenner samarbeidsavtalen mellom Bergen Reiselivslag og kommunane i Nordhordland.

.....